



Arkivsaksnummer: 2018/4499-1

Saksbehandlar:

Ingvild Øyjordet

Dato: 07.08.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	47/18	19.09.2018

Behandling av dronesøknader i Reinheimen nasjonalpark - til diskusjon

Droneflyging er forbode i Reinheimen etter § 3 pkt. 7.2:

7.2 Støy «All unødvendig støy skal unngåast. Bruk av motor på modellfly, modellbåt mv. er forbode. Dette er ikkje til hinder for bruk av motorisert isbor til fiskeutsetjingar i kultivering av vatn.»

Det er ingen spesifikke dispensasjonsreglar i verneforskriftene knytt til droneflyging. Ein må derfor vurdere søknadar etter den generelle unntaksregelen §4, jf. § 48 i naturmangfaldslova. Det er strenge vilkår for å bruke denne og denne regelen skal ikkje brukast til å uthole innhaldet i vernereglane.

Modellfly mv. er ikkje omtalt i verneforskriftene for landskapsvernområda i Reinheimen. Bruk av drone er såleis ikkje søknadspliktig i landskapsvernområda i Reinheimen, så lenge det ikkje er til ulempe for verneverdiane.

Ein opplever auka tal førespurnader om bruk av drone i verneområda i Reinheimen. Førespurnader omfattar spørsmål om kva reglar som gjeld, om ein må søke i landskapsvernområde, nasjonalpark mm. Førespurnadene kjem hovudsakleg frå profesjonelle aktørar som veit at det er restriksjonar for bruk av drone. Basert på utlagte videoar i sosiale media frå privatpersonar ser ein tilfelle av bruk av drone i Reinheimen nasjonalpark, t.d. på Store Trolltinden. Det er rimeleg å tru at det er fleire tilfelle av dronebruk i nasjonalparken, spesielt i område med mykje besök, som fleire turmål med utgangspunkt i Trollstigen. Det er ikkje tvil om at det er eit stort informasjonsbehov knytt til bruk av drone i verneområde, ikkje berre på norsk, men på fleire språk.

Fleire nasjonalparkstyre opplever stor pågang på dronesaker og har dei siste åra utvikla ein praksis på behandling av søknader. Spesielt har Jotunheimen ein stor saksmengde.

Tal på dronesøknader i Reinheimen kan ikkje samanliknast med Jotunheimen. Det er likevel hensiktsmessig å dra nytte av forvalningspraksisen i andre nasjonalparkar og ta eit standpunkt på behandling av dronesøknader med ulike føremål for å sørge for likebehandling og unngå å skape ein presedens.


Med bakgrunn i aukande førespurnader på bruk av drone i verneområda i Reinheimen samt søknader i Reinheimen nasjonalpark, blir det for nasjonalparkstyret lagt fram eit forslag til matrise for behandling av dronesøknader. Dette i påvente av endringar i vernereglane med omsyn på drone. Matrisen er henta frå Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre i dialog med nasjonalparkforvaltarane.

Droneflyging og motorferdsel er framandelement i norske verneområde og skal haldast på eit minimum. Dei har ulik effekt på verneverdiane og andre brukarar av verneområdet, men

grunnregelen er at det skal avgrensast til «nyttekøyring». Inndelinga over vil også vere styrande for vurderingane knytt til motorferdsel i samband med medieoppdrag.

Dispensasjon til bruk av drone i Reinheimen nasjonalpark kan dra parallel til bruk av motorferdsel i Reinheimen nasjonalpark med omsyn på formål, sjå aksen nedanfor.

Aksje



Matrise

Type søknad	Reinheimen nasjonalpark	Mannen	Vilkår ved ja / grunngjeving på avslag	Døme saker ephorte
Forsking, natur-dokumentasjon	Ja, men på vilkår	Ja	Styre unna sårbare område på sårbare årstider	2018/3516
Overvåking rasområde	Ja	Ja		2015/4791
Naturprogram, Formidling av Reinheimen	Ja, men på vilkår	Ja	Styre unna sårbare område på sårbare årstider	2017/2652 2016/6126
Landbruksføremål	Ja, men på vilkår	Nei		2017/925 Prøveprosjekt 2018
Reiselivs-destinasjon, overordna marknadsføring	Ja (Trollstigenområdet) I utgangspunktet nei i andre område.	Ja, men på vilkår	Ikkje marknadsføre aktivitetar til ulike årstider i sårbare område. Kan gå ut over verneverdiane, og såleis ikkje grunnlag for å bruk § 48.	
Enkeltbedrift lokalisert i verneomr.	Nei, krav om samordna søknad for reiselivsselskap/destinasjon	Nei	Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhalDET i vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning	
Arrangement/konkurransar, promoterings-video	Nei	Nei	Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhalDET i vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning	
Aktivitetsfirma tur-dokumentasjon for grupper	Nei	Nei	Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhalDET i vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning	
Private turar , film for sosiale media - Facebook, YouTube	Nei	Nei	Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhalDET i vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning	
Nyheitsformidling/riksmedia	Strenge vilkår	Ja	Må vera ein alvorleg situasjon av stor allmenn interesse	2017/6068 2018/3913
Underhaldnings-program	Nei	Nei	Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhalDET i vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning	
Spelefilm	Nei	Nei	Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhalDET i vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning	
Reklame	Nei	Nei	Reklame kan leggjast utanom verneområde, eller avgrensast til opptaksformer som ikkje utløyser behov for disp.	

Saksprotokoll i Reinheimen nasjonalparkstyre – 19.09.2018

Vedtak

Nasjonalparkstyret tek saken til orientering og legg til grunn vurdering av behandling av dronesøknader ved framtidige søknader.